



Hardangerrådet iks



Hardanger

Statsforvaltaren i Vestland
sfvipost@statsforvalteren.no

Uttale frå Hardangerrådet vedr. regjeringa si endring av vaksinestrategi frå veke 22.

Hardangerrådet ser med uro på konsekvensene av regjeringa si endring av vaksinestrategi. Uroa rettar seg særleg mot to konsekvenser som påverkar prosessen for vaksining i våre kommunar, nemleg utsetjing av vaksining av særleg sårbare grupper (risikogrupper) og praktiske utfordringar med massevaksining i veke 29-31.

Utsetjing av vaksining av særleg sårbare grupper.

Hardangerkommunane har så langt ikkje motteke stort nok tal på vaksinedoser til at ein har klart å starta vaksininga av alle innbyggjarar som er i kategorien særleg sårbare grupper. Dette er personar der smitte av Covid-19 kan få svært alvorlege konsekvenser. Vi meiner det ikkje er rett at vaksining av desse gruppene må utsetjast til fordel for t.d. friske i 40-åra i Oslo-området. Med auka tilgang på vaksinedosar i mai og juni kunne kommunane vaksinert langt fleire i desse gruppene før sommarferien.

Praktiske utfordringar med massevaksining i veke 29-31.

Hardangerkommunane vil få store utfordringar med å gjennomføra massevaksining i vekene 29-31. Eit hardt belasta helsevesen vil for nokre av Hardangerkommunane medføra at dei ikkje har kapasitet til å gjennomføra ei massevaksining i denne perioden. Ferieavvikling og redusert tilgang på kvalifisert helsepersonell gjer at fleire av kommunane i Hardanger vil ha behov for ekstern hjelp for å kunne gjennomføra den massevaksininga som det no vert lagt opp til. Hardangerkommunane treng gode avklaringar frå Statsforvaltaren på korleis slik hjelp skal organiserast. Hardangerrådet meiner alle aktuelle praktiske avklaringar må vera på plass innan veke 25.

I tillegg til utfordringane med kapasitet på helsepersonell i vekene 29-31 vil denne vaksinestrategien leggja svært store begrensingar på innbyggjarane sine ferieplanar då vaksininga skal gjennomførast i heimkommunen midt i "fellesferien". Mange har alt lagt planar og tinga reiser, overnattingar og anna for den komande og sårt etterlengta sommarferien i Norge. For mange vil oppmøte til vaksining i denne perioden medføra kansellerte reiseplanar for sommarferien.

Den planlagde massevaksininga i veke 29-31 vil kunne verta endra eller stoppa om regionen får eit nytt stort smitteutbrot på same tid. Vi er uroa over sårbarheita i denne planen og ber Statsforvaltaren om å tilbakemelda til kommunane korleis ekstern bistand med helsepersonell kan organiserast for dei kommunane som har bede om slik bistand.

Utan ekstern bistand vil tiltak som inndraging av ferie for helsepersonell og opning av barnehagar i fellesferien vera aktuelle utan at ein ser at slike tiltak vil gje nok kapasitet til å kunne gjennomføra massevaksineringa som den endra vaksinestrategien legg opp til.

Hardangerrådet meiner regjeringa sine endringar i vaksinestrategi som vart gjort kjende 20.05. er særst uheldige for vår region. Ei utsetjing av vaksineringa vil ha store praktiske utfordringar i tillegg til at risiko for smitte av særleg sårbare grupper vert forlengja i tid.

Kinsarvik, 21. mai 2021

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune
Anders Vatile
ordfører

Kvam herad
Torgeir Næss
ordfører/rådsordfører Hardangerrådet

Ullensvang kommune
Roald Aga Haug
ordfører

Ulvik herad
Hans Petter Thorbjørnsen
ordfører

Kopi til:

Helse- og omsorgsdepartementet
Helsedirektoratet
Folkehelseinstituttet

postmottak@hod.dep.no
postmottak@helsedir.no
folkehelseinstituttet@fhi.no